



Bremanger
kommune



Kjerneområde landbruk

Bremanger kommune



Registrering av viktige produksjonsareal og kulturlandskap
for landbruket i Bremanger kommune

Utarbeidd i 2021/2022 i samband med revisjon av arealdel
til kommuneplanen for Bremanger 2022-2030.

Innhald

Innleiing	2
Definisjon av kjerneområde	2
Jordbruket i Bremanger kommune	2
Dei ulike områda	4
Grotle (ca 240 daa).....	4
Hauge (ca 190 daa).....	4
Senneset og Førde (676 daa).....	5
Svarstad (430 daa).....	6
Dalsbotten (290 daa).....	6
Frøyalandet (390 daa)	7
Berle (1000 daa)	7
Davik (1420 daa, tre område).....	8
Dombestein (270 daa)	9
Ålfoten (860 daa).....	9
Sørgulen (550 daa)	10

Innleiing

Dei siste åra er meir enn 1 million dekar dyrka og dyrkbar jord omdisponert i Noreg. Verdifulle kulturlandskap vert forringa av byggjeaktivitet og attgroing. Sentrale styresmakter har forsterka fokuset på jordvern, med målsetjing om å redusere omdisponeringa av jordbruksareal.

Ved å definere kjerneområde for landbruk vil ein synleggjere areal som er særleg godt eigna for matproduksjon og verdifulle som kulturlandskap, slik at desse kan takast omsyn til ved arealplanlegging og ved handsaming av enkeltsaker. Føremålet er å unngå nedbygging og oppstykking av jorda, eller forringing av kulturlandskapet. Rapporten er ikkje juridisk bindande, men skal nyttast som fagleg grunnlag for forvaltninga.

Rapporten er utarbeidd av administrasjonen i Bremanger kommune, og vert handsama saman med arealdel til kommuneplanen.

Definisjon av kjerneområde

Kjerneområde for landbruk er definert som dei areaala i kommunen som er spesielt viktige for matproduksjon og for å oppretthalde jordbruksareal sitt kulturlandskap.

Kjerneområda er areal som ein skal ha eit særleg fokus på. Dyrka jord som ikkje er definert som kjerneområde er også viktig jordbruksareal, der jordvern etter jordlova gjeld som før.

Kriterier for å vurdere kva areal som er godt eigna for matproduksjon:

- Jordsmonn
- Klima
- Terrenget si hellingsgrad (slakkare enn 1:5)
- Storlek og arrondering av arealet (helst meir enn 100 daa samanhengande)
- Produksjonsmiljø

Kriterier for å vurdere verdifulle område for jordbruksareal sitt kulturlandskap:

- Landskapsoppleving
- Tilgjenge
- Biologisk mangfald
- Kulturminne-/miljø
- Spor etter historisk interessante driftsformer
- Større, heilskaplege miljø

Kilden www.kilden.nibio.no, Statistisk sentralbyrå www.ssb.no og fylkesatlas www.fylkesatlas.no er brukt for å finne informasjon, i tillegg til data frå søknader om produksjonstilskot mm. og lokalkunnskap frå jordbrukskonsulent.


Jordbruksareal i Bremanger kommune

Av Bremanger kommune sitt store landareal (ca 830 km²) er det kun om lag 2 % (16,5 km²) som er jordbruksareal (fulldyrka-/overflatedyrka jord og innmarksbeite). Av dette er ca 8500 daa dyrka jord. Ein god del av det dyrka arealet er brattlendt (brattare enn 1:5), og deler av det er ueigna for maskinell hausting med moderne utstyr. Det er pr 2020 75 føretak i kommunen som har

husdyrproduksjon, og det er om lag 9000 daa jordbruksareal i drift i kommunen. Av dette blir om lag halvparten brukt til grovforproduksjon og halvparten til innmarksbeite. Det er relativt store areal dyrka jord som er ute av drift eller som kun blir brukt til innmarksbeite.




Utklipp fra www.fylkesatlas.no



Oversiktskart som viser definerte kjerneområde for landbruk i kommunen


Dei ulike områda

Grotle (ca 240 daa)




Området er definert som kjerneområde på grunn av at det er større samanhengende dyrka areal og på grunn av kulturlandskapsverdien. Slåttemarka ved Grotle mellom alderkyrkjegard er ein utvald naturtype, jf. www.naturbase.no, som krev særleg skjøtsel. Det er lokalitet naturbeitemark ovanfor utmarksgården som er vurdert som viktig. Kjerneområdet er ikkje utvida til å omfatte denne, då han ligg i utmark og med LNF-område, slik at anna press på areala er lite aktuelt. Nedanfor fylkesvegen er arealet relativt flatt og lettdrive, mens areala ovanfor vegen er brattare og tyngre å drifta. Det er nokre få bruk i drift i området, men drifta er relativt ekstensiv, med sauehald.

Hauge (ca 190 daa)




Området på indre Hauge, nedanfor fylkesvegen er vurdert å ha stor kulturlandskapsverdi. Areala er relativt flate og lettdrivne, men det er ikkje intensiv landbruksdrift i området. Kjerneområdet grensar mot ein viktig naturtype «sand- og grusstrand» mot sør.

Senneset og Førde (676 daa)



Området er definert som kjerneområde på grunn av utstrekninga av samanhengande dyrka areal.
Det er eit tradisjonelt jordbrukslandskap, sjølv om det ikkje er bruk med intensiv jordbruksdrift i dag.
Mange av bruka er ute av drift, og deler av areala vert slått av andre.


Svarstad (430 daa)



Området er


definert som kjerneområde på grunn av kulturlandskapsverdien, spesielt dei flotte steingardane. Det er lite intensiv jordbruksdrift i området, kun nokre bruk med sauehald. Mot nord er det ein utvald naturtype, kystlynghei. Beitetrykk av sau og skjøtsel av vegetasjonen er viktig for å halde naturtypen i hevd, så det er viktig å ta vare på grunnlaget for sauehald i området. Det er også to svært viktige lokalitetar med naturbeitemark som grensar til kjerneområdet, og som er viktig å ta vare på. Lokalitetane har svak hevd pr i dag.

Dalsbotten (290 daa)




Området er definert som kjerneområde i hovudsak på grunn av kulturlandskapsverdien, spesielt steingardane og steinsette bekkar. Det er lite intensiv jordbruksdrift i området, kun eit bruk med geitehald og eitt med sauehald. Deler av areala vert slått av andre. Kjerneområdet grensar til eit lokalt viktig område naturbeitemark, men dette er ikkje teke med i kjerneområdet, då annan arealbruk uansett er lite aktuell.

Frøyalandet (390 daa)




Området har både stor kulturlandskapsverdi og store samanhengande areal dyrka jord. Det er aktivt produksjonsmiljø i området, med fleire bruk i aktiv drift. Mot nord er det ein utvald naturtype, kystlynghei. Beitetrykk av sau og skjøtsel av vegetasjonen er viktig for å halde naturtypen i hevd, så det er viktig å ta vare på grunnlaget for sauehald i området.

Berle (1000 daa)




Berle er ei tradisjonell jordbruksbygd, der jordbruksareala i stor grad pregar kulturlandskapet. Det er større samanhengande areal med dyrka jord, sjølv om noko av areala er bratte for moderne maskinell hausting. Kjerneområdet omfattar to lokalitetar naturbeitemark, som er definert som lokalt viktig. Mot nord er det ein utvald naturtype, kystlynghei. Beitestrykk av sau og skjøtsel av vegetasjonen er viktig for å halde naturtypen i hevd, så det er viktig å ta vare på grunnlaget for sauehald i området. Det er kun eit avgrensa tal bruk i drift, primært sauehald og ekstensiv drift.

Davik (1420 daa, tre område)




Davik er også ei tradisjonell jordbruksbygd, med større samanhengande dyrka areal. Mykje av areala aust i vika er bratte og tyngre å drifta, medan areala mot vest er flatare og meir lettdrivne. Det er eit aktivt produksjonsmiljø i bygda (melkeproduksjon og sauehald), og behov for å sikre drift av dei dyrka areala. Jørntunet, som ligg på indre Davik, er eit gammalt gardstun, reist på midten av 1800-talet. Egedomen ligg i eit flott kulturlandskap, der det finnast steinmurar, hellegangar, planta tre og eplehagar. Bygningane i gardstunet er ivaretakne av stiftinga som driftar eigedommen.

Dombestein (270 daa)




På øvre del av Dombestein er det store, samanhengande dyrka areal, og eit viktig kulturlandskap. Det er fleire aktive bruk i drift, med varierande intensitet.

Ålfoten (860 daa)



Området har store samanhengande dyrka areal, sjølv om ein del av areala er bratte og tyngre å drifta. Heile området vert i dag drifta av samdrift med melkeproduksjon, som treng areal for optimal drift.

Sørgulen (550 daa)



Området er definert som eit samanhengande kjerneområde, sjølv om det dyrka arealet er fordelt på tre parsellar. Det er aktive bruk i området, og landbruksareala er også vurdert som viktige for kulturlandskapet.